



Tungen skule

Boks 40
6881 Årdalstangen
Ttelefon: 57 66 52 60
Telefax: 57 66 52 62



FRI FOR ELEVANE UTANOM VANLEG FERJETID

Opplæringslova- lov om grunnskule og vidaregåande skule vart innført i 1999. Kapittel 2, §2-11 omhandlar permisjon frå den obligatoriske opplæringa.

”Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker. Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å være borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldre sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.

Når ein elev er innvilga permisjon, pliktar dei føresette dermed å sørge for at eleven får den nødvendige undervisninga i permisjonstida. Ein kan derfor ikkje vente at eleven seinare får ekstra undervisning av grunnar som måtte kome av fråværet. Vi syner til opplæringslova §2-11 om permisjon frå undervisninga der det heiter:

” Det er eit vilkår at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute”.

- 1 Søknad om fri ein dag vert handsama av den einskilde kontaktlærer og det vert søkt i meldingsboka til eleven.
- 2 Ut over dette, skal det søkast på særskilt skjema. Dette ligg på heimesida til Tungen skule, og skal sendast rektor i god tid før permisjonen.

Ved søknad om fri utover 2 veker skal eleven skrivast ut frå skulen. Dette fordi det er ein føresetnad at denne avtalen ikkje påfører skulen/kommunen eit juridisk, fagleg eller økonomisk ansvar.

Ein har rett til å klage på avslått søknad om permisjon. Ei eventuell klage skal sendast skulen innan tre veker etter at avslaget er motteke, jfr forvaltningslova §28.

Tungen skule oppfordrar føresette til å syne måtehald når det gjeld å ta elevane ut av skulen.

Tungen skule 13.08.2013

Jan Kåre Stedje
Rektor

Revidert 13.08.2013